



Heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1956 - 15/33246

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

27.10.2015

Temakveld for Ostereidet ungdomsskule

Torsdag 19.november - hald av kvelden!

Kl. 1800 - 2030 skipar FAU til temakveld for foreldre og elevar på Ostereidet ungdomsskule.

Temaet er: Flyktningar

Dessverre for alle som kjem i ein så vanskeleg livssituasjon at alle andre utveggar er fånyttas anna enn å rømme unna fiendar, krig, svolt og elende for å kunne skape ein trygg oppvekst for eigen familie, er dette blitt ein svært aktuell problemstilling. Barn og unge får mildt sagt ein skrøpeleg oppvekst under dei vilkåra som mange no rømmer frå. Mangt som vi tek som ein sjølv sagt ting og ser på som sjølv sagte rettar, er framande for mange av dei som kanskje kan verte dei nye landsmennene våre. Menneskerettar er eit framandord i mange land og det sporar mange til å gi opp og reise frå slekt, vener og familie. Unge menneske og barn utan håp er vrakgodset som når omstenda vert retta på, kan verte ressursar og byggjesteinar i alle samfunn - også våre lokalsamfunn.

For tida er vårt land mål for menneske som flyktar unna katastrofar eller krigen sine redslar. Vel møtt til temakvelden der du vil bli godt informert om flyktningar i vårt nærmiljø og kva vi kan gjere for dei.

Kvelden er obligatorisk for elevane og er del av skulegangen deira.

Eli Anne Fauske, leiar FAU

Arne Riisnes, rektor

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Heimane